

Osterøy kommune

# KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL 2023 - 2035 REVISJON

## MEDVERKNADSPPLAN



Plan  
16.05.2022



# Medverknad i kommunal planlegging

*Kommunal planlegging skal leggje til rette for medverknad frå aktuelle næringsorganisasjonar, frivillige organisasjonar, interessegrupper og befolkning. Det skal vere eit særskilt fokus på medverknad frå grupper som treng spesiell tilrettelegging, slik som barn og unge og personar med nedsett funksjonsevne. Medverkinga skal vere tilpassa behova i den einkilde plan.*

Medverknad er som eit ålment prinsipp forankra plan- og bygningslova sin formålsparagraf § 1-1:


Plan- og bygningslovens formålsparagraf § 1-1, første, fjerde og femte avsnitt gir følgende føring og prinsippbestemmelse om medvirkning:

- *Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og fremtidige generasjoner.*
- *Planlegging og vedtak skal sikre åpenhet, forutsigbarhet og medvirkning for alle berørte interesser og myndigheter.*
- *Prinsippet om universell utforming skal ivaretas i planleggingen og kravene til det enkelte byggetiltak. Det samme gjelder hensynet til barn og unges oppvekstvilkår og estetisk utforming av omgivelsene.*

Plan- og bygningslova har óg ei generell bestemming om medverknad i § 5-1, første avsnitt: Ein kvar som fremjar planforslag, skal legge til rette for medverknad. Kommunen har vidare eit særskilt ansvar for å sikre aktiv medverknad frå grupper som krev spesiell tilrettelegging som eldre, barn

og unge. Grupper og interesser som ikkje er i stand til å ta direkte del, skal sikrast gode moglegheiter for medverknad på annan måte. Dette er nedfelt i § 5-1, andre avsnitt.

# Samskaping



Kommuneplanen sin samfunnsdel omtalar *samskaping* som ein viktig reiskap og tenkemåte for å nå kommunale og internasjonale berekraftsmål. *Samskaping* utgjer ei lokal tilpassing til FN sitt 17. berekraftsmål som tek sikte på å styrke den lokale partnerskapen mellom kommunen, næringsliv og frivillige lag og organisasjonar i arbeidet for ein berekraftig utvikling. Gjennom samskaping skal ein auke den lokale kapasiteten til å arbeide for ei berekraftig utvikling. I dette ligg at det ikkje berre er kommunen som utgjer ein lokal utviklingsaktør, men også lokalt næringsliv, lag og organisasjonar.


Samskaping er ikkje medverknad i tradisjonell forstand, men dreiar seg om å utvikle den lokale utviklingskapasiteten til å handtere vanskelege utfordringar i kommunesamfunnet ved å trekke inn kunnskap, ressursar og erfaringar frå innbyggjarar, lokalt næringsliv, lokale lag og foreiningar. KS definerer samskaping slik:

*Med samskaping bringer du kunnskap, ressursar og kompetansar saman frå innbyggjarar, sosiale entreprenørar, foreiningar og verksemder, og utviklar sams løysingar saman med dei involverte innbyggjarar i staden for til dei.*

Samskaping er ei erkjening av at det offentlege åleine ikkje maktar å handtere og finne svar på komplekse utfordringar knytt til velferd, helse og miljø. Slike tilsynelatande uløselege problem er kjenneteikna av at dei ikkje kan løysast berre med innsats på eitt samfunnsområde eller fagfelt, men krev innsats frå mange hald. Eit omgrep for dette er «sosial inovasjon». Samskaping handlar om sosial inovasjon og om å løyse komplekse utfordringar innanfor ramma av ein berekraftig samfunnsutvikling. I eit planperspektiv er det også viktig å streke under at samskaping ikkje berre handlar om å løyse komplekse problem, men også om samfunnsutvikling, inkludert det grønne skiftet innan næringsutvikling. Osterøy Utvikling AS, som har god samhandling med næringslivet på Osterøy, inngår her som ein viktig part i samskapinga.

Medverknad etter plan- og bygningslova utgjer ein viktig del av den felles samskapinga mellom kommunen (offentleg sektor), innbyggjarar, lag og organisasjonar (frivillig sektor), og næringsliv (privat sektor). I arbeidet med å utforme ein plan for forvaltning av areala i Osterøy kommune treng kommunen gode innspel og solid medverknad frå innbyggjarar, frå grendaråd, lag og organisasjonar og næringslivet. Det er viktig å ikkje gløyme barn og unge i dette biletet, det er dei som skal arve jorda. *Planprogrammet for revisjon av kommuneplanen sin arealdel 2023 – 2035* utgjer ramma for medverknadsarbeidet. Planprogrammet definerer tre tema som KPA skal ha fokus på og som me ønskjer medverknaden skal konsentrere seg om: *Bustadareal, næringsareal og grønne og blå område* (inkluder naturmangfald, landbruk og grønne korridorar).

# Grader av medverknad



Medverknad kan skje på fleire måtar og med ulik grad av medverknad. Det kan vere ei utfordring å få alle interesser og målgrupper til å ta del i medverkinga. Dette kan ha fleire årsaker, t.d. av di vi ikkje når dei med tradisjonelle medverknadsmetodane eller at dei ikkje finn det relevant å ta del i medverkinga. Det kan vere føremålstenleg å dele medverknad inn i fire kategoriar; informasjon, kommunikasjon, dialog og involvering. Dette er vist i tabell 1 under. Tabellen er ikkje uttømmende med omsyn til medverknadsmetodikk eller -teknikkar.

Ein medverknadsprosess vil som regel omfatte av fleire fasar med bruk av ulike metodar og verktøy kvar for seg eller samla, dette er skissert i tabell 2. Det vert lagt opp til eit breitt spekter av medverknadsformer frå informasjon til involvering, alt etter målgruppe. *Folkemøte* er ei av desse formene, som vist på biletet.

Tabell 1 Grader av medverknad

Grad av medverknad	Døme på type medverknad
<b>Informere</b>	Ein-vegs-kommunikasjon: Informasjon i media og kommunen si heimeside, bruk av sms, bruk av sosiale media
<b>Kommunisere</b>	To-vegs-kommunikasjon: Møteverksemd/folkemøte, ope kontor
<b>Dialog</b>	Arbeidsgrupper/framtidsverkstader, kafédialog, barnetråkk/folkeetråkk
<b>Involvere</b>	Ungdomsrådet, folkevalde, særskilte grupper, regionale mynde ....

# Utfordringa med å nå alle i kommunen...

Er medverknad i planlegg berre medverknad til grunneigarar, dei ressurssterke og interessegrupper? Kven møter vanlegvis opp på folkemøte? Kven tek ordet? Kva interesser er representert? Når me dei unge og dei som vil, men ikkje kan stille på folkemøter? Dette er spørsmål ein ofte møter når det er tale om medverknad i kommunal planlegging.

Kommunen må som planinstans utarbeide strategiar for å kome desse utfordringane i møte. Slik me ser det er det særleg barn og unge som lett blir oversett eller ikkje kjem til orde i medverknadsarbeid, men også grupper i befolkninga som opplever arealplanarbeid som noko framand som ikkje vedkjem dei eller som dei kjenner seg maktesløyse ovanfor.

Tabell 2 Aktør- og interessentanalyse

Målgruppe	Informere	Kommunisere/Dialog	Involvere
<b>Politikarar</b>	Gjennom politiske fora	Gjennom politiske fora	Politisk styringsgruppe Politisk arbeidsgruppe
<b>Offentlege instansar/mynde</b>	Kunngjeringar og høyringar	Offentleg høyringsrunde Regionalt planforum	Særmøte ved behov
<b>Barn og unge</b>	Bruk av sosiale media, skule, ungdomsråd, skriftleg info, utstilling	Skulevitjing, Barnetråkk, grendamøter, ope kontor, sosiale media	Ungdomsrådet
<b>Eldre /menneske med særskilte behov</b>	Skriftleg informasjon, eigen nettside med publisering av informasjon, ope kontor	Grendamøte	Eldrerådet og Rådet for menneske med nedsett funksjon, arbeidsgrupper
<b>Næringsliv, inkl. primærnæringar</b>	Kunngjeringar og høyringar, skriftleg informasjon, kommunen si heimeside	Folkemøte	Særmøte
<b>Lag og organisasjonar</b>	Kunngjeringar og høyringar, skriftleg informasjon, kommunen si heimeside	Folkemøte	Særmøte
<b>Innbyggjarar elles, inkl. framand-språklege</b>	Eigen nettside med publisering av informasjon, ope kontor, grendamøte	Folkemøte, direkte dialog	Særmøte

## ... og serleg korleis nå dei unge

Osterøy skal vere ein god kommune å vekse opp i for barn og unge, og dei skal kjenne seg trygge i kvardagen. Kommunen har eit særskilt ansvar for barn og unge, og det er viktig at denne gruppa vert høyrd i all planlegging etter plan- og bygningslova. Nesten all planlegging har innverknad på nærmiljø og oppvekstvilkår for barn og unge på kort og eller lang sikt. Medverknad frå barn og unge er av den grunn sær viktig. I medverknadsprosessen med barn og unge er det viktig at me brukar eit språk som gjer planlegging meir forståeleg, og at vi er merksam på at dei unge har eit anna perspektiv på kva arealbruk som er viktig enn kva vaksne har.

Samstundes når ein som regel ikkje denne målgruppa like lett som vaksne. Barn og unge må såleis få informasjon om planarbeid og medverknad gjennom andre kanalar enn vaksne. Bruk sosiale media som facebookside til kommunen og Instagram (og Tik Tok?) kan vere viktige kanalar for å nå denne gruppa. Me vil gjere bruk av Instagram til å spreie informasjon, samstundes som dei unge óg kan stille kommunen spørsmål via denne kanalen.

Det er pågåande arbeid med rullering av kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet, og saman med prosjektet MED-Osterøy vert det i løpet av våren 2022 heldt workshops i skulekrinsane. Der rettar me fokus på korleig og kvar barn og unge trivs i nærmiljøet, og korleis vi kan leggje til rette for ein meir aktiv kvardag. Informasjon me får ut av desse verkstadene kan vi nytte inn i prosessen med kommuneplanen sin arealdel.

*Barnetråkk* er eit mykje nytta digitalt planleggingsverktøy for å kartleggje barn og unge sin bruk av nærrområder. Dette verktøyet gjer det lettare for born å forstå konkret kva planlegging handlar om og kvifor deira innspel er viktige. Planavdelinga gjennomfører dette prosjektet våren 2022 saman med barneskulane og ungdomsskulane i kommunen. Her vil me få innsikt i kva område barn og unge nyttar i dag (og ikkje nyttar) og som vil vere viktig å synleggjere i kommuneplanprosessen for at me kan ta i vare dei unge.



Tabell 3 syner ei oversikt over aktivitetar og aktørgrupper som er relevante med tanke på medverknad frå barn og unge. Instagram vil vere den mest aktuelle informasjonskanalen for å nå barn og unge, samstundes som det óg vert mogleg å stille spørsmål til kommunen på gjennom kanalen. Bruk av Instagram krev tilgang til kontaktadresser. Elles vil bruk av Barnetråkk også vere ei viktig kjelde til informasjon om arealbruk frå denne målgruppa.

Tabell 3 Korleis nå dei unge

Aktivitet/aktørgruppe	Merknad	Vurdering
<b>Informasjon</b>	Sosiale media som <i>Instagram, Tik Tok og Facebook</i> , ope kontor, folkemøte, eigen nettside med publisering av informasjon.	Instagram og Tik Tok er eigna til spreing av kort-informasjon og krev gyldige mottakaradresser. Det vil óg i prinsippet vere mogleg å stille spørsmål til kommunen via desse kanalane.
<b>Kontordagar</b>	Det vert open kontordag på Rådhuset der interesserte kan stille spørsmål om planarbeid og medverknad.	Open kontordag er rekna som ein god måte å formidla informasjon om og å svare på spørsmål om planarbeid. Kontoret må vere lett synleg og tilgjengeleg.
<b>Ungdomsrådet</b>	Ungdomsrådet kan formidle informasjon vidare til skular og lag og organisasjonar. Rådet skal involverast.	Ungdomsrådet har ein lovfesta rolle i kommuneplanarbeid. Rådet utgjer eit viktig bindeledd til barn og unge på skular, samt i lag og organisasjonar.
<b>Ungdomskoordinator</b>	Ungdomskoordinator har faste kontordagar i kommunen.	Ungdomskoordinator skal involverast i saker som vedkjem Ungdomsrådet, og elles vere informert om planprosessen.
<b>Barnetråkk</b>	Det vert utført Barnetråkk med visse årstrinn i alle barne- og ungdomsskulane i kommunen våren 2022.	Barnetråkk utgjer ein velprøvde metodikk, og vil gje kunnskapsgrunn-lag på kvar barn og unge ferdast.
<b>Barnerepresentanten i kommunen</b>	Kontaktperson i plansaker som er under arbeid.	





## Mobilisering

Det vil bli halde folkemøte i grendene i veke 20 til og med veke 22 som vist i tabell 5. Føremålet med folkemøta er todelt; dels å gje innbyggjarane innsikt i planarbeidet og gje innbyggjarane høve til å stille spørsmål til planleggarane, dels å gje planleggarane ny lokalbasert innsikt om området som dei kan ta seg med seg i det vidare arbeidet med arealplanen. Me ønskjer at innbyggjarar i alle aldrar og med ulike interesser stiller på folkemøtet, for berre på den måten vil alle interesser bli høyrde, samstundes som dei óg får høve til å målberere sine synspunkt. Dersom nokon har konkrete arealinnspel må dei sende dette inn slik det står i kapittel 7 i planprogrammet.

Politikarar vil ta del på folkemøta. Administrasjonen vil ha tilbod om *ope kontor* i medverknadsperioden (sjå tabell 5). Her kan innbyggjarar, lag, organisasjonar og næringsliv møte opp for å drøfte saker av interesse knytt til arealplanarbeidet og få hjelp til å utforme arealinnspel. Det vil bli gjennomført Barnetråkk i perioden mai – juni 2022. Det vil i tillegg vere medverknad i temaplan for naturmangfald, KDP for kulturminne, og KDP for idrett og fysisk aktivitet. Dette er kommunale planar med stor tilknytning til arealplanarbeidet. Planane er kort omtalt i neste kapitel.

Tabell 5 Mobilisering kvar/korleis, når og ansvar

KVA	KVAR	NÅR	MERKNAD
<b>Bygdanytt</b>		Veke 20	Omtale og redaksjonell sak
<b>Plakatar</b>	Sentrale møtestader som butikkar, bibliotek og liknande.	Frå veke 12	
<b>Nettinformasjon</b>	Kommunen si heimeside	Frå veke 12	
<b>Sosiale media</b>	Facebook og Instagram	Frå veke 12	Poste innlegg delt opp i innspelstema
<b>Grendamøte for Haus og Bruvik</b>	Haus skule	25.mai	
<b>Grendamøte for Valestrand og Hamre/Hjellvik</b>	Valestrand skule	1.juni	Hauge inngår i Valestrand
<b>Lonevåg grendamøte</b>	Heradsstyresalen	8. juni	
<b>Grendamøte for Hosanger og Fotlandsvåg</b>	Fotlandsvåg skule	15.juni	
<b>Ope kontor kvar torsdag for dei som ønskjer kontakt med planavdelinga i kommunen</b>	Rådhuset	Veke 22 – 28 Kl 12 - 18	Innbyggjarar, lag/foreiningar og næringsliv kan kontakte planavdelinga og avtale møtetidspunkt.
<b>Barnetråkk</b>	Hosanger, Lonevåg, Valestrand, Haus	Mai og juni	
<b>Medverknad klimatilpassing</b>	Heradsstyresalen	8.juni	Vert samkøyrd med Lonevåg grendamøte

# Pågåande aktivitet med tilknytning til KPA

*Osterøy kommune er i gang med fleire planar og prosjekt som omfattar innbyggarmedverknad og som har tilknytning til medverknad i samband med kommuneplanprosessen, men som ikkje direkte inngår i denne prosessen. Dette gjeld i første rekke barnetråkk og to viktige kommunale planar. I tillegg vil også kunnskapstilfang frå eit forskingsprosjekt om medverknad til klimatilpassing, og arbeidet med å få på plass kommunen sin nye heilskapleg risiko- og sårbaranalyse vere relevant kunnskapstilfang for kommuneplanen sin arealdel.*

## Barnetråkk

Barnetråkk er ein metode for å dokumentere barn og unge sin arealbruk. Det vil bli utført barnetråkk på skuleklassar på alle barneskular i kommunen, samt Danielsen ungdomsskule. Målgruppa vil vere elevar frå 5. til 8.klasse. Gjennomføringa vil vere mellom påske og sommarferie. Resultata frå kartlegginga vil såleis kunne nyttast i kunnskapstilfanget til både kommuneplanen sin arealdel og kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet som begge er under arbeid no. Kartlegginga vil elles utgjere eit generelt kunnskapsgrunnlag med omsyn til barn og unge sin bruk av areal.

## Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet er under rullering. I samband med rulleringa vert det utført medverknad retta mot lag, organisasjonar og privatpersonar. I følge planprogrammet til planen er kommunedelplanen avgrrensa til å gjelde for idrett og fysisk aktivitet, slik omgrepa blir definert og forstått i Kulturdepartementet sin stortingsmelding. Planen utgjer med dette berre eit av fleire strategiske verktøy for folkehelsearbeidet i Osterøy kommune. Det er mange grenseflater mellom denne planen og kommuneplanen sin arealdel knytt til bruk av areal, slik at deler av det kunnskapstilfanget som kjem fram under medverknadsprosessen KPD for idrett og fysisk aktivitet også vil vere relevant kunnskapstilfang for KPA.

## Temaplan for naturmangfald

Det vert óg gjennomført medverknad med sentrale aktørar i samband med arbeidet med arbeidet med **temaplan** for naturmangfald som startar opp før sommaren 2022. Medverknadsprosessen her vil langt på veg følgje medverknadsprosessen i KPA, men vil i hovudsak vere knytt opp mot lag og organisasjonar som natur- og miljøvernorganisasjonar og turlag, regionale mynde, og kommunale medarbeidarar. Kunnskapstilfang frå medverknadsprosessen her vil inngå i KPA, og registreringar gjort temaplanen vil bli kartfesta i arealplankart.

Det er tenkt ein stor grad av medverknad i denne temaplanen. Mellom anna er ein god og effektiv kartlegging avhengig av eit godt samarbeid med frivillige, lag og organisasjonar i tillegg til at det er ønskeleg å kople på barn- og unge gjennom skulane. Det vil nyttas innleigde fagkyndige konsulentar til vurdering av innspel, observasjonar, identifisering av områder og registrering av områder i kartløyningar og offisielle register.

## Kommunedelplan for kulturminne

Det vil bli utarbeidd ein kulturminneplan for faste kulturminne og kulturmiljø innan 2024, og det er ambisjonar om å få denne prosessen til å gå parallelt med kommuneplanen sin arealdel, slik at kulturminne og kulturmiljø vert kartfesta i den nye arealplanen.

Difor vil det i løpet av hausten 2022 verte gjennomført ein medverknadsprosess for å samle inn opplysningar frå innbyggjarar, lag og organisasjonar, museum osb. Mykje kulturminnekompetanse og kunnskap disponerast av institusjonar, organisasjonar og eldsjeler utanfor kommuneadministrasjonen. I innspelsperioden inviterer vi personar, lag, organisasjonar og andre som har interesse av og som ønskjer å delta i arbeidet med kulturminneplan. Ein vil vurdere å etablere ei eller fleire referansegrupper med eit større utval representantar frå kommunesamfunnet for utvida kvalitetssikring av arbeid og innhald.

## Medvirkningsmetoder for klimatilpasning

Kommunen tek del i FoU-prosjektet «Medvirkningsmetoder for klimatilpasning». Prosjektet involverer innbyggjarar i registreringsarbeid. Fagleg ansvar ligg hos *Vestlandsforskning, NORCE Klima, Institutt for Geografi ved NTNU*.

Prosjektet skal utvikle medvirkningsmetoder for å styrke kommunenes klimatilpasningskapasitet. Ei målsetting i prosjektet er å utvikle samforskningsmetodar for å gi større engasjement og legitimitet til kunnskapsgrunnlaget for klimatilpassing. Prosjektet vil hjelpe Osterøy med kommuneplanprosessar som legg til rette for klimatilpassing kor særleg flaum, stormvant, overvatn og skred er viktige tema for kommunen. Osterøy kommune har gjennom arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel hatt fokus på samproduksjon og forholdet mellom kommune, innbyggjarar, næringsliv og frivillig sektor, og har med dette trong for å styrke kompetansen og medverknadsprosessar med innbyggjarane og då spesielt i å involvere nye grupper i klimatilpassing. Prosjektet er retta mot klimatilpassing, og utgjør ein del av den store miljøpakken kommunen skal arbeide med.